


Hjelmeland Venstre



**Trygg og god oppvekst
i Hjelmeland.**

VENSTRE
Folk først.





**Om 30 år kan ho vere
ein av verdas beste
klimaforskarar...**

...om ho får nokon av verdens beste lærare

Politikk handler om å prioritere, og Venstre prioriterer skulen.
Det er naudsynt dersom me skal vere eit fremtidsretta samfunn.

Skule og oppvekst

Venstre vil gjera det trygt og godt å vekse opp for alle born.

Det å sikre ein trygg og god oppvekst for alle born er ein av dei viktigaste oppgåvene me som fellesskap må løysa.

Ein god oppvekst varar livet ut. Venstre vil gi alle born i Hjelmeland ein trygg og god oppvekst.

Venstre vil:

- ✓ gi gode økonomiske ramer for barnehage, skule og SFO
- ✓ at skular har godt kvalifisert personale og gode etter – og vidareutdanningstilbod
- ✓ at det er ressursar til tilpassa undervisning og spesialpedagogisk undervisning for elevar som treng det
- ✓ gi elevar i Jøsenfjorden tilbod om skuleplasser på Erfjord/ Sand skule

Venstre satsar på skulen.



Næring og verdiskaping

Venstre gjer det lettare å skape nye arbeidsplassar.

Om neste generasjon skal ha ein like trygg og god arbeidsmarknad som oss, må me leggja til rette for dei som vil skapa nye arbeidsplassar no.

Venstre vil:

- ✓ ha klar næringstomter når behovet melder seg
- ✓ ha ein aktiv og målretta politikk for å tryggje primærnæringane td. gjennom meir jordvern
- ✓ ha ein aktiv og målretta politikk for å støtte nyetableringar og nye verksemdar
- ✓ arbeida for gode vilkår i oppdrettsnæringa



Betre bustadpolitikk.

Venstre vil:

- ✓ ha betre vedlikehald av kommunale bustadar og eigedomar
- ✓ ha variert utbygging av bustadar, leiligheter og rekkjehus, også utanfor sentrumsområda
- ✓ tilrettelegge bustadar for ungdom
- ✓ ha restriktiv hyttebygging i 100-meter-sona
- ✓ tilretteleggje gode bustadar for flyktningar

Moderne transportløysingar.

Venstre vil:

- ✓ arbeide for vedlikehald av kommunale vegar og kaiar
- ✓ ha raskare realisering av gong- og sykkelvegar
- ✓ leggje press på vegvesenet/fylket for utbetring av dårlege fylkesvegar
- ✓ oppretthalda båtpendlarrute til Stavanger.
- ✓ arbeide for rask realisering av beinast mogleg Årdalstunnel
- ✓ vera ein pådrivar og støtte realiseringa av Espedal-Frafjordtunnelen
- ✓ starte planlegging av Jøsenfast
- ✓ arbeide for privatisering av lite trafikkerte kommunale vegar og kaiar

Miljø og klima

Venstre gjer det enklere å leve miljøvennlig.

Kvar einaste dag tar me val som har konsekvensar for miljøet. Venstre vil gjer det enkelt og lønsamt å ta dei vala som er best for natur, miljø og klima.

Me kjempar for fleire grønne lungar, reinare luft, og strakstil-tak for å senke klimautsleppa. Det bør alltid vere enklast og billegast å ta miljøvenlege val.

Venstre vil:

- ✓ ta vare på friluftsområde slik at folk får adgang til jakt, fiske og strandsoner
- ✓ stimulera til betre utnytting av fornybare energikjelder, til dømes småkraftverk
- ✓ oppretthalde miljøstasjonen på Viganeset
- ✓ arbeide for å få ein velfungerande beredskap
- ✓ leggja til rette for «smarte» boligområder



Helse og omsorg

Helse og omsorg -pasienten i sentrum.

Venstre vil:

- ✓ ha meir kompetanseutvikling
- ✓ oppretthalde eldreomsorg med bemanning jamfør norm for pleiefaktor
- ✓ gje dei eldre høve til å bu heime så lenge det er mogleg, med god tilrettelegging og innføring av ny omsorgsteknologi
- ✓ ha psykiatriteneste tilgjengeleg på døgnbasis
- ✓ arbeida for tilfredsstillande legevaktordning for alle bygdene i kommunen.



Kultur

Ein levande kulturkommune .

Ein føresetnad for å skapa og ta vare på arbeidsplassar er eit rikt kulturliv og triveleg miljø.

Det er viktig å leggje til rette for ei heilskapstenkning innanfor turisme og nytta kultur/idrett som støttefunksjonar

Venstre vil:

- ✓ ha ein kulturskule med stor breidde
- ✓ prioritera tiltak for born og unge ved utdeling av kommunale kulturmidlar
- ✓ at dei bygdene som ynskjer det må få disponere nedlagde skular/barnehagar med støtte frå kommunen
- ✓ kommunen må vera aktiv medspelar for å oppretthalde Samfunnshuset
- ✓ støtta ungdomsteateret
- ✓ informera ungdommane om jobbtilhøve i kommunen ved f.eks brosjyrer, lokal jobbmesse
- ✓ gje stipend til ungdom som tek utdanning kommunen har særskilt behov for, med 2 års bindingstid etter fullført utdanning
- ✓ arbeide for uformelle møteplassar for ungdom

Venstre vil gjera Hjelmeland til ein ennå betre kommune.

Me vil ha ein bedre styring av kommunen, med ein sunn økonomi og moderne løysingar.

For å få ein bærekraftig økonomi så vil Venstre:

- ✓ redusera kommunen sine drifts-kostnader ved kritisk vurdering av storleiken på sentraladministrasjonen, og større fokus på lovpålagde tenester
- ✓ redusera kommunen si gjeld
- ✓ unngå nye låneopptak
- ✓ ha strengare budsjett disiplin bygd på realistiske budsjett
- ✓ unngå å bruke fond til drift av kommunen.

For å få ei betre styring så vil Venstre:

- ✓ ha meir samsvar mellom kommuneplanar og praksis
- ✓ alltid ha likskap for lova
- ✓ sjå på kostnader med utarbeiding av planar før vedtak om iverksetjing
- ✓ kritisk vurderer storleiken på administrasjonen samanlikna med tilsvarande kommunar
- ✓ at kommunale fellesanlegg kan plasserast utanfor kommunesenteret om det er ynskjeleg
- ✓ konkurranseutsetja aktuelle kommunale driftsoppgåver

For å få eit betre folkestyre så vil Venstre:

- ✓ arbeide for å oppretthalde eigen kommune, kombinert med samarbeid om tenester over kommunegrensene
- ✓ viss eigen kommune ikkje er mogleg, arbeide for kommunesamanslåing med Suldal, i tillegg eventuelt Sauda/Finnøy.
- ✓ at alle kommunale møte og høyringar, kommunestyre, nemnder og utval skal vera opne etter lovverket
- ✓ rådgjevande folkeavrøysting i viktige kommunale saker, til dømes ved kommunesamanslåing
- ✓ å ta bygdeutvala med på råd i viktige kommunale saker og gje dei informasjonsplass i Strandbuen
- ✓ å unngå for mykje delegering av fullmakter frå folkevalde til administrasjonen



Venstres kandidater i Hjelmeland:



1. Johan Mjølhus (f. 1978)

Johan Mjølhus er 37 år og bonde. Han er Venstre sin ordførarkandidat og bur på Mjølhus. Han er utdanna bilmekanikar og driv Viganeset Bil.

Johan vil ha fokus på å få gode oppvekstvilkår i kommunen.



2. Sigurd Kleppa (f. 1984)

Mekanikar Sigurd Kleppa er 30 år. Han er kumulert på 2. plass. Sigurd vil arbeide spesielt for ein aktiv næringspolitikk.

3. Eugenio Faustino

(f. 1980), Hjelmeland

4. Lars Reidar Nesvik

(f. 1959), Skiftun

5. Kristine Rosså

(f. 1987), Hjelmeland

6. Torill W. Sandanger

(f. 1951), Randøy

7. Asle Voster

(f. 1977), Årdal

8. Dawit Woldemichael

(f. 1960), Hjelmeland

9. Kurt Øye

(f. 1965), Randøy

Les mer om vår politikk og våre kandidater på våre nettsider.

venstre.no/hjelmeland



VENSTRE